

Søknad

Søknadsnr.	2021-0473	Søknadsår	2021	Arkivsak
Støtteordning	Nærings- og utviklingsfond for utsette område			
Prosjektnamn	Peak Høyanger			

Kort samandrag

Peak Property AS i samarbeid med HNU vil jobbe for å etablere eit moderne næringsklynge (cowork) i sentrum av Høyanger, kalla Peak Høyanger. Vi kan vise til tilsvarande konsept i Førde under merkevara Peak Sunnfjord (www.peaksunnfjord.no). Vi har i tillegg etablert Peak Florø, og jobbar no med Peak Måløy

Beskriv omstillingsutfordringane og bakgrunn for prosjektet

Høyanger tettstad har sida industrietableringa i 1916 vært prega av ein næringsstruktur som består av store hjørnesteinsbedrifter innanfor prosessindustri, da i hovudsak primærproduksjon av aluminium og vidareforedling med produkt som sluggs (til produksjon av kokekar, spraybokser etc.) og aluminiums felg til bilindustrien.

Teknologiutvikling og effektivisering av primærproduksjon av aluminium har ført til ein reduksjon av arbeidsplassar frå ca. 800 til ca. 200 i perioden 1999-2021.

Til tross for store tap av arbeidsplasser innanfor primærproduksjon av aluminium har nok dei største utfordringane for Høyanger samfunnet kom etter nedlegginga av slugg- fabrikk og felgproduksjonen med eit samla tap av arbeidsplassar på ca. 480 ansatte.

Vi klarte til ein viss grad å kompensere nedlegginga av sluggfabrikken i 1999 med etablering av ny virksomheit. Sluggfabrikken blei bygd om frå produksjon til behandling av avfallsprodukt frå jern og sink smelteverk og var i drift frå 2003 og fram til 2020 da Nyrstar konsernet flytta produksjonen frå anlegget i Høyanger til Nyrstar sitt anlegg i Port Pirie i Australia, noe som førte til et direkte tap av ca. 40 arbeidsplasser.

Konsekvensen av dette er at Høyanger kommune opplev fråflytting og negativ folketalsutvikling. Denne utviklinga har allereie begynt å prege kulturliv og aktivitet i idrettslag og andre frivillige organisasjonar og vil i nær framtid også få konsekvensar for kommunalt tenestetilbod som skole og barnehagestruktur osv.

Det vil for Høyanger kommune være svært viktig å stoppe den negative spiralen før Høyanger sin vertskaps attraktivitet blir redusert til eit nivå som vil gjøre det enda meir utfordrande å tiltrekke seg etablering av nye næringar/verksemder.

For å kunne stoppe den negative folketalsutviklinga og på sikt auke tilflytting til kommunen har Høyanger Næringsutvikling (HNU) definert nokre strategi og satsingsområde.

Eit av strategi og satsingsområda til HNU er å styrke gründer/entreprenørskapsmiljøet i kommunen.

Saman med Peak Sunnfjord og lokale aktørar har vi starta eit prosjekt med målsetting om å tilby kontor og fleksible arbeidsplassar i eit miljø som er utvikla for å stimulere innovasjon, effektivitet og ikkje minst trivsel for dei som jobbar der. Vi ønsker å skape ein samlingsstad og eit knutepunkt for næringsliv og samfunn, der ein kan ta del i aktivitetar, synleggjering og arrangement som gir noko positivt for både person og bedrift.

Forretningsideen er ei næringsklynge der store og små bedrifter kan dele felleskostnadar, men også tankar og idear. Vi ser verdien av å få samla næringslivet og skape eit miljø for utvikling og vekst. Å knytte slike nettverk lokalt og regionalt (mellom dei ulike avdelingane) vil potensielt kunne gje mange positive synergjar for lokalt næringsliv, og potensielt skape nye arbeidsplassar.

Eit slikt samla næringsmiljø kan også skape ein positiv effekt på rekrutteringsarbeidet for deltakarbedriftene grunna meir attraktive arbeidsplassar, samt gjere det lettare å starte opp mindre kompetanseverksemdar i ein digital tidsalder.

Koronapandemien har og vist at mange jobbar kan utførast uansett kvar du bur i landet.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Prosjekteigar	Høyanger Næringsutvikling AS Org.nr:951600911	Postboks 163, 6991 Høyanger 6991 HØYANGER	47751637
Kontakt	Høyanger Næringsutvikling AS/Peak property AS	postboks 163, 6991 HØYANGER	47751637

Prosjektbeskrivelse

Prosjektbeskriving

Peak Property AS i samarbeid med HNU vil jobbe for å etablere eit moderne næringsklynge (cowork) i sentrum av Høyanger, kalla Peak Høyanger. Vi kan vise til tilsvarende konsept i Førde under merkevara Peak Sunnfjord (www.peaksunnfjord.no). Vi har i tillegg etablert Peak Florø, og jobbar no med Peak Måløy

For å kunne realisere dette i Høyanger er det nødvendig å med ein grundig prosjektfase. Vi har ein aktuell lokasjon/eigedom. For å få til eit godt nok prosjekt er ein nøydd å få med lokale investorar og næringsliv til å kunne skaffe nok EK til å kjøpe eigedomen. Deretter vidareutvikle og oppgradere denne. For å få til dette må vi i først omgang utvikle gode konseptskisser i 3D, samt film/video. Dette arbeidet er vi i gong med, men vi er ikkje ferdige.

Når dette er på plass må vi gjennomføre møter med aktuelle aktørar som kan inngå i Peak Høyanger. Vidare etablere intensjonsavtalar for leige, samt konvertere desse til bindande leigeavtalar. Ein tek då ned risikoen i prosjektet ved at ein kan vise til ein underliggende kontantstrøm.

Når dette er på plass må ein utvikle ein utfyllande investeringspresentasjon, distribuere denne til aktuelle aktørar/lokale investorar. For å kunne realisere dette er ein nøydd å få med lokale investorar og næringsliv til å investere i eit slik prosjekt. Difor er fasen med innsalg av konsept, signering av leigetakarar og sikre lokale investorar svært viktig og avgjerande.

Produksjon av nødvendig materiell, prosjektutvikling og gjennomføring av møter med alle aktuelle partar er samla sett ein svært stor jobb.

Vi søker med dette om støtte til ei samla prosjektutvikling som vil innebære dei ulike fasene som nemnd over.

Det er ikkje mogeleg for Peak Property å ta all denne risikoen på eiga hand, og ein er difor avhengig av støtte til prosessen for å kunne komme vidare.

Effekten av tilsvarande klynger i andre område har vist å ha ein svært god effekt på både næringsliv, samarbeid og sist men ikkje minst rekruttering.

Effekt mål

Tilby kontor og fleksible arbeidsplassar i eit miljø som er utvikla for å stimulere innovasjon, effektivitet og ikkje minst trivsel for dei som jobbar der. Vi ønsker å skape ein samlingsstad og eit knutepunkt for næringsliv og samfunn, der ein kan ta del i aktivitetar, synleggjering og arrangement som gir noko positivt for både person og bedrift.

Resultat mål

Økt antall arbeidsplassar og innbyggjarar

Tiltak som skal legge til rette for omstilling og utvikling

Etablerer Peak Høyanger med dei mål som er beskrive.

Grupper tiltaka skal rettast mot (føretak, næring, arbeidstakarar etc.)

Tiltaket skal rettast mot eit samla næringsliv. Særleg nyetableringar og mindre foretak. Tiltaket er perfekt for etablering av remote arbeidsplassar.

Tiltaka si forankring i kommunale eller regionale næringsplanar

Tiltaka er forankra i strategiske næringsplanar for kommunen.

Prosjektorganisering

Dette er eit samarbeid mellom Høyanger Næringsutvikling AS og Peak Property AS. Peak Property er den utførende i prosjektet.

Samarbeidspartnarar

Høyanger Næringsutvikling AS, Peak Property AS og lokalt næringsliv.

Tids-/milepælsplan

Startdato: 01.04.2021 Sluttdato: 01.04.2023 Milepælsplan vedlagt søknad: Ja

Vår/sommar 2021: produksjon av 3D materiell og skisse samt innsalgsmateriell for næringsliv og aktuelle leigetakarar

Haust 2021: Gjennomføring av kundemøter/potensielle leigetakarar. Utarbeiding av investorpresentasjon, gjennomføring av møte med aktuelle investorar og andre aktuelle bidragsytarar.

Desember 2021: Konkludere om ein har lykkast med få på plass tilstrekkelig antall leigetakarar, slik at ein kan vise til underliggende kontantstrøm som igjen gjer at ein lykkast med å få med seg lokale investorar og næringsliv til å realisere Peak Høyanger.

Kostnad-/finansieringsplan

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Kostnadsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
Presentasjon/møte-materiell leigetakar	200 000					200 000
Presentasjon/møte-materiell investor/lokalt næring	200 000					200 000
Produksjon av 3D materiell, skisser, nettside	200 000					200 000
Sum kostnad	600 000					600 000

Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
						0
* Nærings- og utviklingsfond	300 000					300 000
Egeninnsats Peak Property/HNU	200 000					200 000
Investering fra lokalt næringsutviklingsfond	100 000					100 000
Sum finansiering	600 000					600 000

Geografi

4638-Høyanger

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
MT GT 060521_31 - Photo.jpg	6 795 912	14.05.2021
MT GT 060521_32 - Photo.jpg	5 658 157	14.05.2021
MT GT 060521_35 - Photo.jpg	5 765 712	14.05.2021
MT GT 060521_38 - Photo.jpg	4 177 021	14.05.2021
MT GT 060521_39 - Photo.jpg	6 546 637	14.05.2021